

Vedtekter for drift Stryn Bedriftsbarnehage AS

§ 1 :

Selskapet sitt namn er Stryn Bedriftsbarnehage AS. Organisasjonsnummer 962 370 357. Forretningskontoret skal ligge i Stryn kommune, med adresse: Vikavegen 2, 6783 Stryn.

§ 2 :

Formålet til selskapet er å bygge og å drive barnehage i fylgje Lov om barnehager av 17 juni 2005 nr 64 (Barnehagelova), med gjeldande forskrifter og retningslinjer fastsette av Kunnskapsdepartementet. I tillegg gjeld dei til ein kvar tid gjeldande retningslinjer for Stryn Bedriftsbarnehage AS.

§ 3 :

Lov om barnehagar § 2 viser innhaldet i barnehagen og seier at barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Barnehagen skal støtte heimen i deira omsorgs -og oppdragaroppgåve, og på den måten skape eit godt grunnlag for barna si utvikling, livslange læring og aktive deltaking i eit demokratisk samfunn. Departementet har også fastsett ein rammeplan for barnehagen. Rammeplanen gjev retningslinjer for barnehagens innhald og oppgåver. Barnehagens eigar kan tilpasse rammeplanen til lokale tilhøve. Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalet for kvar barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske verksemda.

§ 4:

Stryn Bedriftsbarnehage skal ha eit samarbeidsutval og eit foreldreråd. Samarbeidsutvalet si oppgåve er å sikre samarbeid med heimen. Samarbeidsutvalet er samansett av to representantar frå foreldra, to frå dei tilsette og ein representant frå eigar. Foreldrerådet består av alle foreldra i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje felles interesserer til foreldra, og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa er godt. Leiar og nesteleiar i foreldrerådet er dei same som er leiar og nestleiar i samarbeidsutvalet.

§ 5 :

Stryn Bedriftsbarnehage er ein 3 avdelings heildags barnehage, eigd og driven av Stryn Bedriftsbarnehage AS. Barnehagen har eit samla areal på 400.9 m². Stryn Bedriftsbarnehage har eit godkjent leike og opphaldsareal på 216.8 m² og er for barn i alderen 0-6 år. I tillegg har hytta eit leike og opphaldsreal på 30.7 m². Til saman har barnehagen eit leike- og opphaldsareal på 247.5 m². Arealutnytting er sett til 4 m² pr. barn over 3 år og 5.3m² pr. barn under 3 år. Barnegruppene blir fastsett etter arealsamansetjing og arealutnytting ved inntak.

§ 6 :

Stryn Bedriftsbarnehage AS er eit aksjeselskap og har eit eigarstyre som har det overordna administrative og økonomiske ansvaret for barnehagen. Det er utarbeidd egne retningslinjer og instruks for styret i barnehagen jamfør aksjelova og barnehagelova.

§ 7 :

Dagleg leiar har delegert myndighet til å gjere opptak etter gjeldande vedtekter og retningslinjer for opptak. Hovudopptak vert gjort i mars med søknadsfrist 1. mars, med oppstart 1. august. Barnehagen kan gjere opptak gjennom heile året dersom vi har kapasitet,

eller det er særlege grunnar for opptak. Ved opptak av barn som har søkt oppstart etter august vil foreldrebetaling bli krevd frå den månaden det er søkt barnehageplass for. Stryn Bedriftsbarnehage er ein privat barnehage og er avhengig av stabile økonomiske rammer, der foreldrebetaling er ein viktig inntektskilde. Det må difor gjerast ei individuell vurdering og prioritering ved opptak dersom det er mange som ynskjer å starte opp seinare på året.

Søknad om barnehageplass i Stryn Bedriftsbarnehage skal gjerast elektronisk på Stryn kommune si nettside. Stryn Bedriftsbarnehage har samordna opptaksprosess med kommunen.

Ved barnehageopptak kan søkjar klage over avslag på barnehageplass, eller tildelt plass. Klagen må sendast skriftleg til barnehagen innan 14 dagar. Klageinstans er styret for barnehagen.

Aksjeeigar har fortrinnsrett til barnehageplass. I dei høve barnehagen leiger ut barnehageplassar på vegne av aksjonær, eller ved direkte utleige frå barnehagen, er det fylgjande kriterier for opptak;

Viser til eigne retningslinjene for opptak i Stryn bedriftsbarnehage;

- Aksjonær
- Barn som går i barnehagen.
- Sysken til barn som går i barnehagen.
- Andre barn på venteliste.

1. Søkt Stryn Bedriftsbarnehage som nr.1

2. Plassering på venteliste

3. Spesielle behov

4. Alder og kjønn

Før barnet tek til i barnehagen, skal foreldra legge fram erklæring om barnet si helse jmf Barnehagelova § 50.

§ 8 :

Oppseiingsfrist på barnehageplass i Stryn Bedriftsbarnehage er på 2 månader frå den fyrste i kvar månad. Oppseiinga skal skje skriftleg og sendast barnehagen. For dei som har teke i mot plass ved hovudopptak, men likevel ikkje nyttar plassen tildelt frå 1.august er oppseiingstida på 1.månad, og det vert krevd betaling for august. Krav om betaling i oppseiingstida ved hovudopptak vil bli vurdert i forhold til om plassen blir dekt inn av nytt barn. Det er ikkje høve til å seie opp delar av barnehageplassen i løpet av året. Ynskje om endringar av barnehageplassen må søkjast skriftleg om til barnehagen.

§ 9 :

Det er styret for barnehagen som fastset foreldrebetalinga. Gjeldande for barnehagen er forskrift om foreldrebetaling i barnehagar av 2005-12-16-1478, med endring FOR-2021-05-18-1550. Overordna for styret er å drive barnehagen økonomisk forsvarleg og i tråd med aksjelova sine krav. Satsar for foreldrebetaling vert fastsett av styret for barnehagen i november månad kvart år. Foreldrebetalinga er sett til 11 månadar jamfør maksprisavtalen med betalingsfri i desember månad. Månadsleiga for barnehageplass skal vere betalt den 10. kvar månad til Stryn Bedriftsbarnehage.

- Barnehagen kan krevje betaling for barn som vert for seint henta.
- Barnehagen kan krevje betaling for manglande utført dugnadsinnsats.
- Ved gjentatt misleghald av betaling for barnehageplass kan barnehageplassen seiast opp med 1 månad varsel.
- Foreldre med låg inntekt kan søkje om redusert foreldrebetaling. Ein søker i Vigilo.

§ 10:

Barnehagen har ope alle yrkesdagar heile året (mandag til fredag) Unntak er romjula då er barnehagen stengt frå og med 24.12 til 01.01. Andre unntak kan vere i samband med høgtider og bevegelege helligdagar. Personalet har 5 planleggingsdagar pr. år. Barnehagen er stengt på personalet sine planleggingsdagar.

Den daglege opningstida er frå 07.30 – 16.45. Endring av opningstida vil bli vurdert ved marknads undersøking eller etter søknad frå brukarane. Barnehageåret startar 01.08 og varer fram til 31.07.

§ 11:

I løpet av eit kalenderår skal alle barn ha 4 veker ferie. Tre av desse vekene skal takast i perioden 01.06 til 30.08. Unntak frå denne regelen må søkjast om skriftleg til barnehagen ved styrar.

- Ein må ta ut ferien i heile veker, men det er ikkje nødvendig å ta dei samanhengande.
- Fastsetjing av ferie må avtalast med barnehagen på førehand.
- Frist for melding om uttak av hovudferie er 1. april. Dei barna som går siste året i barnehagen (Storegruppa) skal avvikle 3 av 4 veker før dei sluttar i barnehagen.

§ 12:

Det skal vere 6-8 medlemmar i styret. Av desse skal 4-6 veljast av aksjonærane. Det skal vere 2 frå dei tilsette i selskapet. Styrar for barnehagen er fast møtande og har sekretærfunksjon i styret. Ved kvar generalforsamling blir minst 2 av dei aksjonærvalde representantane valde for 2 år. Dei andre blir valt for 1 år.

To varamedlemmar skal veljast i numerisk rekkefylgje. 1.vara skal vere fast møtande varamedlem. Styret konstituerer seg sjølv. Styreformann og eitt av styremedlemmane teiknar selskapet i fellesskap. Styret tildeler dagleg leiar prokura i saker som gjeld dagleg drift og tilhøyrande instruks for stillinga.

Saker som gjelder større kostnader og investeringar skal alltid godkjennast av styret. Styret sine oppgåver fylgjer dei til ein kvar tid gjeldande retningslinjer for Stryn Bedriftsbarnehage.

§ 13:

Stryn Bedriftsbarnehage har elektronisk system for internkontroll, kvalitetssikring og HMS system jamfør internkontrollforskrifta av 06.12.96. Stryn Bedriftsbarnehage er tilslutta bedriftshelseteneste med avtale om vurdering og rådgjeving innanfor HMS og internkontrollsystem. Folkehelseavdelinga utfører stadleg tilsyn kvart 4. år i henhold til internkontrollforskrifta.

§ 14:

Stryn Bedriftsbarnehage har forsikringsavtale gjennom PBL.

Forsikringa dekker ikkje skade på eigendelane som barnet har med seg til barnehagen, det gjeld f.eks briller, kle og leiker.

Stryn 1.juni 2021 med endring 23.mai 2018, 11.mai 2020, 20.10.2020, 01.06.21, 14.03.23.
09.01.24.